



S Bridgeklubb

ÅRSMELDING 2018-2019

Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Anders Johansson
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche Torgersen Nyborg, Reidar Dale
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

Styremøte

To styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon/Facebook.

Spelekeldar

Det er blitt avvikla 37 spelekeldar, ein mindre enn sesongen 2017/2018. Dessutan har vi arrangert, romjulsturnering og to turneringar i forbindelse med klubbturen til Herdla i januar. I tillegg kjem 18 spelekeldar i juniorklubben.

Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane denne sesongen er om lag på same nivå som forrige sesong. På dei 32 spelekeldane vi har hatt (pr. 25. april), som er rapportert gjennom Ruter, har det deltatt 255 par, noko som gjer eit snitt på 8,0 par/kveld. Tilsvarende tal forrige sesong var 300 par på 37 spelekeldar; eit snitt på 8,1 par/kveld. Ein del av klubbens medlemmer er relativt aktive i turneringar utanom klubben. Sjå resultatoversikten sist i beretningen for resultata her.

Aktivitetsnivået i juniorklubben har derimot auka monaleg. Klubben spelar no med opptil 25 spelarar på fredagskveldane.

Medlemmer

Klubben har ved utgangen av april 2019, 31 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av april 2018 var 30. Juniorklubben har ved utgangen av april 2019 24 registrerte medlemmer (tre av dei vaksne resten juniorar). Alle medlemmene i juniorklubben er nyregistrert denne sesongen.

Bridgemate/meldeboksar/kortdublering

Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord. Juniorklubben har etter tilskot frå Gjensidigestiftelsen bridge + more til 6 bord, + rikeleg med kort, mapper og meldeboksar.

Spelelokale

Alle spelekeldane denne sesongen er blitt spelt i Os Eldresenter. Juniorklubben har hatt sine spelekeldar på Os Folkebibliotek.

Grasrotandelen/momskompensasjon

På grunn av endringar i fordelingsnøkkelen til Norsk Tipping sank inntektene frå Grasrotandelen dramatisk dette året. Inntektene for 2018 blei 15 265.- mot 51 403.- året før. Antall gjevarar auka frå 24 til 27. I tillegg fekk juniorklubben 671 kroner etter at dei kom med i ordninga på hausten 2018 (tre gjevarar ved utgangen av 2018).

Momskompensasjonen for 2017 blei 7 345 kroner (6801 året før)

Os juniorbridgeklubb

Os juniorbridgeklubb hadde sin første spelekeld i februar 2018 og har no meir enn eit års drift. På haustparten 2018 blei klubben organisert som eigen klubb, og han er no oppe og går med eigne vedtekter, eige organisasjonsnummer ect. Dette gjer det enklare å søka på ulike støtteordningar som fins for denne type klubbar.

Medlemstalet har hatt god auke siste år, og ved utgangen av april 2019 er 24 medlemmer registrert i klubben. Frå tre til fem bord har vore i sving på biblioteket dei fleste spelekeldane. På vårparten 2019 blei det òg halde lynkurs for foreldra til juniorane, noko som viste seg å vera eit populært tiltak.

Klubben har i løpet av året fått betydeleg støtte, både offentleg og frå næringslivet. Hjarteleg takk til Gjensidigestiftelsen, Fana sparebank, LNU, Sparebank1 SR-bank og Os kommunen ved kulturavdelinga. Også takk til Os Folkebibliotek som lar oss låna biblioteket til å ha spelekeldane våre.

På det sportslege plan er det utvilsomt skulemeisterskapet som blei arrangert i Oslo siste helga i november som stel overskriftene. Klubben stilte med to lag i meisterskapet som i alt samla 24 lag. Begge laga hevda seg godt i turneringa, og det eine, der alle spelarane på laget held aldersgrensa for deltaking i yngste klasse, gjekk likegoda bort og vann den. Premien, 5000 kroner til klubben, er brukt på gratis hyttetur på Kvamskogen for alle medlemmene som hadde lyst.

Her er nokre bilete frå juniorspelinga:



Torhild teiknar og fortel, frå ein spelekveld på biblioteket



Gøy med kort - Linnea Vedå Vangdal er ein av dei ivrige juniorane.



Populært med brus og pizza på spelekeldane på biblioteket.



Ivrige spelarar og bakspelarar på ein juniorkveld.



Os juniorbridgeklubb viste godt igjen under skulemeisterskapet med eigne t-skjorter til alle spelarane.



Vinnarane av yngste klasse skulemeisterskapet 2018. Frå venstre: Catharina Lundal, Mie Louise Askeland Døsen, Ole Morten Lyhammar Solberg og Annicka Lyssand Skaathun.



24 lag deltok i skulemeisterskapet, to av de ifrå Os.



"Lagbilete" Os juniorbridgeklubb feira eitårsjubileum 1. februar 2019

Ungdoms-VM for lag

Ungdoms-VM for lag blei denne gongen spelt i Suzhou i Kina. Turneringa gjekk 8. - 17. august 2018. Noreg deltok i tre klassar, og to av laga hadde spelar frå vår klubb på laget.

På U-21 laget deltok Carl-Otto Curran. Noreg blei her nummer 17 og dermed ikkje kvalifisert for cup-spelet (dei 8 beste laga). Laga som blei utslått spelte BAM-turnering etterpå og Noreg fekk ei flott plassering her då dei gjekk bort og vann b-sluttspellet.

Thea Hauge spelte på det Norske jentelaget. Det blei ei spennande turnering der Noreg kjempa hardt for å koma inn blant dei 8 beste. Dette gjekk akkurat og dermed billett til kvartfinalen. Her blei imidlertid Nederland for sterke og vann 126-40. Dermed blei det delt 5. plass for dei norske jentene denne gongen. Også jentene spelte BAM-turnering etter å ha blitt utslått og laget nådde a-finalen der dei blei nummer 15.



Vinnarane av BAM-b-finalen. Carl-Otto nummer fire frå venstre



Alle deltarane samla til "lagbilete".

Simultanturneringar

Simultanturneringane er no ein fast del av programmet for mange klubbar. Vi har deltatt i alle som er blitt spelt på måndagar. Ingen topplasseringar for våre spelarar er oppnådd denne sesongen, verken enkeltersultat eller samanlagt.

MP-treff 2018

MP-treffet blei som vanleg spelt første veka i desember. 302 par deltok på landsbasis i måndagsturneringa, og beste par av våre pulje blei Stig Gamlemshaug - Stein Ole Moberg med ein fin 8. plass.

Os BK juleturnering

Juleturneringa blei arrangert søndag 30. desember. Som forrige sesong blei Kløvertun (Sanitetshuset) valt som spelestad. 31 par stilte til start denne gongen, med god deltaking frå klubbane i distriktet.

Det blei knallhard kniving om sigerern, men til slutt blei det halv heimesiger då Stig Gamlemshaug vann saman med Arild Rasmussen frå Bergen Akademiske Bridgeklubb. Andreplassen gjekk til Roger Træet - Øyvind Haga frå Stord BK og tredje til Erik Eriksen - Finn Fyllingslid, Åsane BK/Bergen Akademiske BK.

Takk til Austevoll BK som lånte oss bord i år som i fjar.

Under følgjer nokre biletet frå turneringa:



Vinnarane av juleturneringa denne gongen; Arild Rasmussen og Stig Gamlemshaug.



Andrepllassen gjekk til Roger Træet (t.v) og Øyvind Gaga.



31 par var på plass i Kløvertun.



Ove Gåsdal - Ole Magnar Nordvik mot Lisbeth Glærum - Tove Haugen.

Tur til Herdla

Den etter kvart så tradisjonsrike klubbturen vår til Herdla blei arrangert helga 12. - 13. januar. Vi var 12 deltagarar denne gongen og prioriterte lagspeling. Men det blei òg tid til ei parturnering søndag føremiddag og ein ekstra nattlagkamp for dei som ville spela enno meir.

Som vanleg hadde vi eit flott opphold på Herdla med fantastisk mat og drikke. Vi har alt booka plass same helg neste år, så dei som ynskjer å vera med kan alt no merka helga 11. - 12. januar 2020 i kalenderen.

Resultat frå turneringane ligg under resultatdelen. Her nokre bilete frå Herdla-helga:



Bjørn og Anne mot Marit og Birgit.



Torhild og Anne Merete mot Kate og Berit.



Ei stille stund for Torhild i salongen med kaffikoppen.



Frå middagen laurdag kveld.



Alltid god mat på Herdla, klippfisk på menyen denne gongen.

Klubbmesterskap par

Klubbmesterskapet for par blei spelt over tre måndagskveldar i mars/april. Det var liten tvil om kor sigeren ville gå denne gonge då Stig Gamlemshaug - Stein Ole Moberg var heilt overlegne. Kåre Aasen - Joleiv Midttveit blei nummer to og Bjørn Hauge - Frode Dyrstad nummer tre. Fullstendig resultatliste:

		25.mar	01.apr	08.apr	Sum
1	Stig Gamlemshaug - Stein Ole Moberg	74,60	64,60	60,40	199,60
2	Kåre Aasen - Joleiv Midttveit	70,63	61,80	47,90	180,33
3	Bjørn Hauge - Frode Dyrstad	42,86	60,40	63,90	167,16
4	Kåre Kristiansen - Jørn Rekkum	57,14	54,70	45,80	157,64
5	Reidar Tore Dale - Carl-Otto Curran	53,17	51,40	40,00	144,57
6	Anne Merete S. Heggland - Torhild Rasmussen	38,89	34,70	63,20	136,79
7	Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit	31,25	41,70	53,50	126,45
8	Leif Juvik - Karin Breit	39,68	30,60	29,20	99,48

Os + Austevoll mot BAK

Etter nokre års fravær blei det igjen spelt klubbkamp mot BAK. Etter at Austevoll BK skifta speledag til måndag spurde vi dei om dei ville vera med på vårt lag slik at antall par på kvart lag blei om lag likt. Austevoll takka ja, og måndag 11. mars blei kampen spelt i Eldresenteret. Sidan tre klubbar var med blei det spelt kun ein kveld denne gongen. I alt 26 par deltok frå dei tre klubbane, og BAK viste seg å vera best denne gongen òg. Dei fire første plassane på resultatlista var alle BAK-par, med Eivind Thorvaldsen - Anders Dræge best. Best av våre par blei Rune Fagerbakke - Ole Årland på femteplass.

Vi håper på ny kamp neste sesong, kanskje på Austevoll?



26 par i aksjon i klubbkamp mellom Os og Austevoll mot BAK.

NM klubbar

To lag frå klubben deltok i NM for klubblag denne sesongen. Os 1, beståande Kåre Kristiansen, Leif Juvik, Anders Johansson og Tor Anders Hauge nådde tredje runde. Os 2 med Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Joleiv Midttveit, Jørn Rekkum, Reidar Dale og Carl-Otto Curran på laget blei slått ut i runde 1+2. Kampresultat et under resultatdelen sist i beretningen.

Seriemeisterskapet 2018 - 2019

Seriemeisterskapet blei som vanleg arrangert over to helgar; ei på hausten og ei i månadsskiftet januar/februar.

Stig Gamlemshaug spelte også denne sesongen 2. divisjon på lag Træet. Det blei 8. plass denne gongen, og dermed 2. divisjon også neste sesong.

Lag Johansson, med Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen og Joleiv Midttveit på laget blei nummer 2 i si avdeling i 4. divisjon, og rykkjer dermed opp til 3. divisjon komande sesong.

Lag Hauge, med Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Reidar Dale, Carl-Otto Curran og Arne Osnes Devik på laget blei nr. 4 i sin pulje i 4. divisjon, og dermed ikkje opprykk.

NM for damelag

NM for damelag blei spelt helga (8) 9.- 10. mars, denne gong i Oslo. Som vanleg samla turneringa mykje folk , og i år stilte 31 lag til start. Tre av laga hadde osingar på laget. Angelito var eit reint os-lag, med Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit, Torhild Rasmussen og Anne Merete Heggland på laget. I tillegg spelte Elisabeth Østrem på lag Akilleshælen som elles bestod av jenter frå nord i landet, og Thea Hauge på Norge jenter.

Det blei ei spanande turnering for dei som følgde BBO-overføringane. Thea og juniorjentene kjempa i toppen gjennom heile helga og med ein fin siger i tiande og siste kamp kraup laget heilt opp på andre plass i turneringa. Sølvmedaljen til Thea er truleg første NM-medalje ein spelar frå klubben har oppnådd, i alle fall på veldig lenge.

Nokre biletar frå NM damelag:



Pallen NM damelag. Juniorjentene til venste



Laget som tok sølv. Frå venstre: Katarina Eken (BAK) Thea Hauge (Os BK). Sofie Græsholt Sjødal (Nesodden BK) og Thea Indrebø (KGB Klyve-Gulset BK).



Thea med sølv rundt halsen.



31 lag i aksjon under årets NM damelag. I tillegg gjekk NM veteran og bedrift samtidig same stad. Torhild på bordet næst nærmest kameraet her.

Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, pannekaker, brus ect. Vi takkar Florence Østrem for godt utført arbeid.

Juniorklubben kører med pizza og brus på sine spelekeldar, noko som ser ut til å falla i smak for dei fleste.

Økonomi

Rekneskapet viser eit underskot på kr. 13 338.-. Dette er ca 19 000.- kroner dårligare enn 2017/2018- sesongen. Lågare inntekter frå Grasrotandelen forklarer det meste av resultatnedgangen. Juniorklubben sitt rekneskap er gjort opp med eit overskot på 19 108.- Klubben har ført eige rekneskap frå ca. 1. oktober 2018.

Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

Resultatoversikt

Marit Sveaas International Bridge Tournament, 29. juni. - 1. juli 2018, Den Norske Opera, Oslo (179 par)

107. Frode Dyrstad - Bjørn Hauge

150. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

172. Carl-Otto Curran - Reidar Dale

Arendalturneringen, 7. - 8. juli 2018, Clarion Hotel Tyholmen, Arendal (32 par)

27. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

NM junior, par, 3. - 4. august 2018, Drammenshallen (16 par)

11. Arne Osnes Devik - Carl-Otto Curran, Breim BK/Os BK

Bridgefestivalen 2018, 3. august - 11. august 2018, Drammenshallen, Drammen

Kveldskosken nr. 2, 6. august 2018 (31 par)

18. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

25. Elisabeth Østrem - Robert Lehn, Os BK/Sortland BK

Kveldskosken nr. 3, 7. august 2018 (18 par)

10. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

17. Sigmund Bakkemyr - Elisabeth Østrem, Aukra BK/Os BK

NM monrad par, 7. - 8. august (104 par)

68. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

Kveldskosken nr. 4, 8. august 2018 (21 par)

12. Anders Johansson - Elisabeth Østrem

Ungdoms-VM 2018, 8. august - 17. august 2018, Wujiang, Kina

U 21 (22 lag deltok)

17. Arne Osnes Devik (Breim BK), Markus Lund (Heimdal BK), Simen Sørli Helgeby (Holmestrand BK), Carl-Otto-Curran (Os BK), coach Liv Marit Grude og NPC Kristian Barstad Ellingsen

Jenter u-26 (15 lag deltok)

8. Thea Hove Hauge (Os BK), Thea Lucia Indrebø (KGB Klyve-Gulset BK), Ida Marie Øberg (KGB Klyve-Gulset BK), Agnethe H. Kjensli (Nesodden BK), Sofie Græsholt Sjødal (Nesodden BK) og Katarina Eken (Bergen Akademiske BK).

Kvartfinale

Noreg - Nederland 40 - 126 (Noreg på delt 5. plass i VM)

BAM

a-sluttspel

15. Norge jenter

b-sluttspel

1. Noreg U-21

Bridge i Havgapet, 15. september 2018, Austevollhallen (19 par)

1. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
 6. Leif Juvik - Kåre Kristiansen
 7. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
-

BM-lag 2018, september - november 2018, Hop skole Bergen (14 lag)

Grunnspel

3. Hauge; Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Frode Dyrstad, Anders Johansson, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Stig Gamlemshaug

a-sluttspel (4 beste i grunnspelet)

Semifinale

Lag Bakke - lag Hauge: 101 - 28

Bronsefinale:

Lag Bugge - lag Hauge: 100 - 84

Lag Hauge dermed nr 4 i BM 2018.

Scandic Maritim Cup 2018, Scandic Maritim - Maritim Hall, Haugesund, (5. oktober) 6. oktober - 7. oktober 2018

Velkomstturnering fredag 5. oktober (20 par)

9. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
12. Leif Juvik - Jørn Rekkum
19. Elisabeth Østrem - Åse Bauge

Hovudturnering laurdag 6. - søndag 7. oktober (34 lag)

1. Bromlebassane; Roger Træet, Stig Gamlemshaug, Helge Hantveit, Finn Fyllingslid; Stord BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK
 9. Stabbys hjelte; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Jørn Rekkum - Leif Juvik
 18. Hamnesjefens Disipler; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Bjarte Haugland, Os BK/Os BK/Os BK/Austevoll BK
 24. Knekt og tre damer; Elisabeth Østrem, Åse Bauge, Elisabeth Eikeland, Jan Erik Alm Bendiksen, Os BK/Os BK/Åsane BK/Kvinnherad BK
-

NM klubblag, oktober 2018 - mai 2019 (228 lag)

Os BK 1: Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen

Os BK 2: Jørn Rekkum, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Joleiv Midttveit, Bjørn Hauge

1- 2. runde

Os BK 1 - BL Strileknekten	40 - 63	5,76 - 14,24
Os BK 1 - Bergen Akademiske BK 4	81 - 47	16,04 - 3,96
Os BK 2 - Melandsknekten BK	44 - 50	8,65 - 11,35
BL Strileknekten - Os BK 2	60 - 63	9,30 - 10,70

3. runde

Os BK 1 - Bergen Akademiske BK 2 48 - 110

Kvalifisering EM Mix for nasjonslag, Oslo 15 - 18. november 2018 (8 lag)

Grunnspel

1. Sofies verden; Sofie Græsholt Sjødal, Thea Hove Hauge, John Helge Herland, Sven-Olai Høyland/Nesodden BK/Os BK/Klepp BK/Bergen Akademiske BK

Semifinale:

Sofies verden - Nord & sør 121 - 96

Finale

Sofies verden - FSM 71 - 131

Skulemeisterskapet 2018, 23. - 25. november 2018, Oslo (24 lag)

10. Os juniorbridgeklubb - Nore Nerset 2; Emilie Hausvik, Julie Margrethe Nordfond, Lennea Louise Lundal, Edel Kofoed Rimstad

11. Os juniorbridgeklubb - Nore Nerset 1; Mie Louise Askeland Døsen, Ole Morten Lyhammar Solberg, Annicka Lyssand Skaathun, Catharina Lundal

Nore Nerset 1 beste lag i yngste klasse i skulemeisterskapet

Juleavslutning NBF Hordaland, Grand Hotel Terminus Bergen, 6. desember 2018 (36 spelarar)

8. Linda Rasmussen

18. Åse Bauge

20. Tor Anders Hauge

24. Leif Juvik

34. Tarjei Vedå Vangdal

Os BKs juleturnering, 30. desember 2018, Os (31 par)

1. Arild Rasmussen - Stig Gamlemshaug, Bergen Akademiske BK/Os BK

8. Carl-Otto Curran - Reidar Dale

10. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

13. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

15. Kåre Aasen - Joleiv Midttveit

18. Leif Juvik - Jørn Rekkum

23. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os BK

27. Per Skotheim - Leif Fjellro, Os BK/Askøy BK

31. Elisabeth Østrem - Anne Marie Torgersen, Os BK/Rubbestadneset BK

Nyttårscupen 2019 velkomstturnering, 4. januar 2019, Letohallen Jessheim (52 par)

42. Thea Hove Hauge - Katarina Eken, Os BK/Bergen Akademiske BK

Nyttårscupen 2019, 5. - 6. januar 2019, Letohallen Jessheim, hovedturnering (62 lag)

29. Norge U21; Carl-Otto Curran, Arne Osnes Devik, Magnus Sætre, Christian Fredrik Johnsen; OS BK/Breim BK/Lyngseidet BK/Målselv BK

48. Norge jenter; Thea Hove Hauge, Katarina Eken, Thea Indrebø, Ida Marie Øberg/Os BK/Bergen Akademiske BK/KGB Klyve-Gulset BK/KGB Klyve-Gulset BK

Klubbtur til Herdla, 12. - 13. januar 2019, Herdla Gjestgiveri (12 deltagarar)

Herdla Teams

1. Tarjei med damer: Tarjei Vedå Vangdal, Linda Rasmussen, Kate Fauskanger, Berit Grimstad
2. Bjørn med damer: Bjørn Hauge, Anne Linda Hove, Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland
3. Leif med damer; Leif Juvik, Wenche Nyborg, Marit Havelin, Birgit Holsen

Herdla Pairs

1. Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen
 2. Kate Fauskanger - Berit Grimstad
-

Seriemesterskapet 2018 - 2019

2. divisjon avdeling B (12 lag)

8. Trætet; Roger Trætet, Øyvind Haga, Stig Gamlemshaug, Dag Heldal Paulsen, Helge Hantveit, Hallgeir Lunde/Stord BK/Kopervik BK/Os BK/Stord BK/Bergen Akademiske BK/Stord BK

4. divisjon Bergen (11 lag)

2. Os BK; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Joleiv Midttveit

4. Hamnesjefens Disipler; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Arne Osnes Devik, Reidar Dale

Dalanetreffen 2019, 2. mars 2019, AKS-kantinen, Egersund (35 par)

6. Thea Hove Hauge - John Helge Herland; Os BK/Klepp BK
17. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

- NM damelag, (8) 9. - 10. mars 2019, Quality Hotel Expo, Lysaker (31 lag)
2. Norge jenter; Sofie Græsholt Sjødal, Thea Hove Hauge, Katarina Ekren, Agnetha Hansen Kjensli; Nesodden BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Nesodden BK
17. Akilleshælen; Elisabeth Østrem, Tone Mikalsen, Ine Marie Lillevik, Ida Novik Nilsen; Os BK/Bodø BK/Bodø BK/Bodø BK
31. Angelito; Anne Merete Heggland, Torhild Rasmussen, Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit
-

KM lag Hordaland, 16. mars 2019, Samnanger barneskule (12 lag)

1. ABC + Stig; Arild Rasmussen, Bjørn Olav Ekren, Christian Bakke, Stig Gamlemshaug; Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Os BK
7. Os BK 2; Kåre Kristiansen, Leif Juvik, Tor Anders Hauge, Joleiv Midttveit
11. Os BK; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale
-

White House Juniors Internationals 2019, 24. - 29. mars 2019, Amsterdam, Nederland

Hovudturnering; 25. mars - 29. mars (24 lag)

15. Noreg; Thea Hove Hauge, Sofie Sjødal, Jakob Nordvoll Johannessen og Marcus Andreas Scheie/Os BK/Nesodden BK/Sortland BK/BK Norrøna

Parturnering fredag 29. mars, (38 par)

13. Lars Eide - Thea Hove Hauge, Hamar BK/Os BK
-

KM par, Hordaland Bridgekrets, 6. april 2019, Halhjem kafè, Os (14 par)

11. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
12. Leif Juvik - Kåre Kristiansen
-

Maibridgen, 1. mai 2019, Børmlø Hotell, Rubbestadneset (39 par)

10. Stig Gamlemshaug - Arild Rasmussen, Os BK/Bergen Akademiske BK
13. Carl-Otto Curran - Reidar Dale
16. Leif Juvik - Tarjei Vangdal
24. Kåre Aasen - Joleiv Midttveit
28. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
38. Åse Bauge - Linda Rasmussen

Regnskap **2018/2019** **2017/2018**

Inntekter:

Årskontingent	7 100	6 550,00
Kveldskontingent	60 000	49 075,00
Grasrotandel*	15 266	51 403,48
Sal av kaffi etc	21 871	22 225,00
Momskompensasjon	7 345	6 801,00
Loddsalg	1 080	2 260,00
Tilskudd juniorarbeid	68 302	
Diverse	62	9 361,10
Sum driftsinntekter	181 026	147 675,58

Utgifter

Kantine	14 800	16 000,00
Premier	18 000	13 345,00
Leige av lokaler	47 385	47 700,00
Kontorrekvisita	0	0,00
Loddbøker og gevinstar	0	2 104,77
Porto	0	0,00
Blomster etc	280	0,00
Diverse omkostninger nbf	18 000	23 920,00
Kontingent NBF	9 430	8 750,00
Annonse - Reklame	1 124	1 720,00
Varekjøp til kiosk med mer	7 270	8 085,00
Gebyr	138	126,00
Juniorarbeid	69 352	13 356,00
Andre kostnader	8 689	7 065,75
Sum driftskostnader	194 468	142 172,52

Renteinntekter **104** **111,00**

Resultat **-13 338** **5 614**

Balanse

Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto	72 643	85 998
Bankinnskudd pr 01.01.19 på sparekonto	4 872	4 856
	77 515	90 853

Noter

Overskot Nyttårsturnering:	4 234
Kraftig fall i grasrotandel *	-36 138

Os juniorbridgeklubb

2018/2019

Inntekter:

Kontingenter	1 000,00
Grasrotandel	671,44
Tilskudd juniorarbeid	26 000,00
Sum driftsinntekter	27 671,44

Utgifter

Kontingenter	4 700,00
Varekjøp	3 847,00
Gebyr	16,25
Sum driftskostnader	8 563,25

Renteinntekter	0,00
-----------------------	-------------

Resultat	19 108,19
-----------------	------------------

Balanse

Bankinnskudd pr 30.04.19 på brukskonto	19 108,19
--	------------------

Noter:

Støtten består av kr 15000 fra Os kommune og kr 11000 fra NBF

I tillegg er det gitt penger til juniorbridgeklubben via Os Bridgeklubb

Disse midlene er for det meste brukt på utstyr



Os Bridgeklubb

Framlegg til styre 2019-2020 frå valkomiteen

Leiar: Reidar Dale, ny 2 år

Styremedlemer:

Linda Rasmussen, ikkje på val

Joleiv Midttveit, ny 2 år

Wenche Nyborg, attval 2 år

Leif Juvik, attval 2 år

Revisor: Kåre Kristiansen, attval 1 år

Valkomite: ??
 ??

www.osbk.no
